



Bergen internasjonale Musikkfestival  
c/o Bergen Internasjonale Kultursenter

Dato: 28.10.2014  
Vår ref.: 2014/10299-191  
Saksbehandlar: tonhaug  
Dykkar ref.:

## **Søknad for Bergen Internasjonale Musikkfestival 2014 TILDELING AV TILSKOTT TIL FRIVILLIG (FLEIRKULTURELL) VERKSEMD I LOKALSAMFUNN**

Vi mottok ein open søknad frå dykk om støtte til Bergen Internasjonale musikkfestival på kr. 100 000. Etter møte den 13.08.14 vart det avtalt/godkjend at denne søknaden vert overført og handsama i ordninga *Frivillig verksemd i lokalsamfunn som bidreg til deltaking, dialog og samhandling - Del 2*, Integrerings- og mangfoldsdirektoratet (IMDI) si ordning forvalta av fylkeskommunane.

Hordaland fylkeskommune har vedteke å tildele kr.20.000 i tilskot til festivalen for 2014.

Då festivalen er gjennomført vert midlane betalt ut så snart som mogleg til dykkar konto 3624 26 90 162.

Organisasjonen har ansvar for å kontrollere at utbetalt sum er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

### **Grunngjeving**

IMDI har vedteke retningslinene for ordninga, og dykkar søknad er vurdert opp mot desse. Hordaland fylkeskommune fann at den oppfylte vilkåra, og fann etter ei skjønsmessig vurdering grunnlag for å tildele støtte til dykkar tiltak.

Hovuddelen av løyvinga i denne ordninga vart handsama i Kultur- og ressursutvalet 13.05 i sak 62/14. Løyvinga til Bergen Internasjonale Musikkfestival vert teken av restsummen som då vart delegert til administrativ handsaming. Festivalen vert arrangert av/i ein av dei sentrale aktørane innan det fleirkulturelle feltet i fylket og vert såleis prioritert.

### **Føresetnader**

Tilsegnet er gitt i medhald av retningsliner frå Integrerings- og mangfaldsdirektoratet under del 2 - Frivillig verksemd i lokalsamfunn som bidreg til deltaking, dialog og samhandling – aktivitets-/prosjektstøtte. Det er ein føresetnad for tildelinga at:

- Dei opplysningane som er gitt i søknaden er korrekte og gir eit rett bilete av tiltaket
- At tiltaket er gjennomført i tråd med søknaden
- Rapport med rekneskap vert sendt
- At organisasjonen medverkar ved eventuell kontroll

### **Rapportering og kontroll**

Fylkeskommunen skal varslast om eventuelle vesentlege endringar i prosjektet/tiltaket.

Rapport med rekneskap sendast til Hordaland fylkeskommune, Kultur og idrettsavdelinga. Vi tilrår bruk av følgjande skjema: <http://www.hordaland.no/upload/Kultur/Dokumenter/utbetalingsrapport.pdf> med evt, vedlegg. Det kan også rapporterast på eige dokument. Føresetnaden er då at same opplysningar vert gitt. Vi krev eit enkelt rekneskap utan bilag (kvitteringar ol) sendt til oss.

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har til ei kvar tid rett til å kontrollere at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i tilsegna. Tilskotsmottakar pliktar å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor dei opplysningane/dokument dei finn påkravd for sin kontroll. At rapportering er gjennomført vil mellom annan vera eit vesentleg omsyn ved vurderinga av eventuelle seinare søknader.

#### **Brot på vilkåra**

Dersom det er gitt uriktige opplysningar, at det ligg føre brot på retningslinjer og/eller føresetnader for tildelinga i søknad eller rapport, kan vedtaket om tilsegn verte gjort om heilt eller delvis. Pengane kan i så tilfelle krevjast tilbake heilt eller delvis.

#### **Klage**

Vedtaket kan klagast på innan ein frist på 3 veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Integrerings- og mangfoldsdirektoratet er klageinstans. Klagen skal sendast til Kultur- og idrettsavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen. Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga.

Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Anna Elisa Tryti  
Fylkesdirektør kultur og idrett

Ronny Skaar  
Utviklingsjef

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*